



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		

Søknad om minimumsteljing villrein Hardangervidda 2026

Vedlegg

- 1 Søknad snøskuter minimumstelling villrein Hardangervidda 2026
- 2 Søknad snøskuter minimumstelling HV 2026.pdf
- 3 Vedlegg 1 Metodikk minimumstelling villrein Hardangervidda 2026.pdf
- 4 Vedlegg 2 Bakkemannskap kart 31 12 2025.pdf

Bakgrunn

Hardangervidda villreinutval har søkt om løyve til bruk av snøskuter i samband med gjennomføring av éi minimumsteljing av villrein i perioden 15. februar til 31. mars 2026. Teljinga er planlagt gjennomført ved kombinasjon av fly og bakkemannskap på snøskuter. Det er søkt om eit relativt høgt maksimumstal snøskuterturar fordelt på fleire delområde og kommunar.

Minimumsteljing av villrein er ein del av den etablerte og lovheimla villreinforvaltninga. Samstundes er Hardangervidda eit område med sterk politisk merksemd knytt til reduksjon av motorferdsel, samla belastning på naturen og omsynet til villrein som sårbar art, særleg i vinterhalvåret.

Vurdering

Ein må i denne saka ta stilling til meir enn om tiltaket er lovleg. Det må også gjerast ei politisk avveging av **nytteverdi opp mot belastning på natur og dyreliv**, jf. naturmangfaldlova sine prinsipp om samla belastning.

Det er i dag eit uttalt mål å redusere motorisert ferdsel på Hardangervidda. Samstundes ser ein at talet på søknader om motorferdsel knytt til ulike forvaltningsoppgåver over tid har auka. Kvar enkelt aktivitet kan isolert sett vere fagleg grunngjeven, men samla sett bidreg dei til eit vedvarande press på villreinen sitt leveområde.

Minimumsteljing av villrein er eit sentralt verkemiddel for å skaffe oppdatert og påliteleg kunnskap om bestandsstorleik og utbreiing. Resultata nyttast direkte i forvaltninga, mellom anna som grunnlag for:

- fastsetjing av jaktkvotar
- vurdering av bestandsutvikling
- oppfølging av villrein som nasjonal ansvarsart
- kunnskapsgrunnlag for arealforvaltning og tiltaks planar

Teljinga er planlagt gjennomført på ein måte som søkjar meiner vil redusere direkte kontakt mellom bakkemannskap og dyr, ved at fly vert nytta i dei mest sentrale områda. Bruk av snøskuter er i hovudsak avgrensa til kontroll og dokumentasjon av fråvær av dyr i område utan flysøk, noko som er viktig for kvaliteten på minimumsteljinga.

Sjølv om kvar enkelt tur i samband med forvaltningsoppgåver kan vurderast som lovleg og fagleg grunngjeven, må det i denne saka også vurderast **totalbelastninga** av motorferdsel på vidda. Det ligg føre fleire typar aktivitetar i same periode, mellom anna:

- Merking av rein
- Drop-off av GPS halsband
- Strukturteljing
- Snømåling
- Stikking av løyper
- Ferdsel knytt til oppsyn og kontroll
- Ferdsel heimla i lova

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune gjev eit tidsavgrensa og vilkårssett løyve til bruk av snøskuter i samband med minimumsteljing av villrein på Hardangervidda i perioden 15. februar – 31. mars 2026.

Løyvet gjeld berre i avgrensa delområde der flysøk ikkje vert gjennomført, og der bruk av snøskuter er naudsynt for å sikre minimumsteljinga, antal 2 snøskuterar.

Ferdsel skal planleggjast og samordnast slik at overlappande køyring og unødvendige turar vert unngått.

Villreinutvalet skal etter gjennomført teljing sende ei kort rapportering til kommunen som dokumenterer:

- kva område som vart køyrde
- ei fagleg vurdering av nytteverdi opp mot belastning på villrein og naturmiljø

Erfaringane frå denne teljinga skal leggjast til grunn ved vurdering av framtidige søknader om motorferdsel i villreinområdet.